

Høringsssvar til Forslag til endringer i byggteknisk forskrift §§ 7-3 og 7-4 - Krav til sikkerhet mot skred og flodbølge som følge av fjellskred

05.08.2022

Vi er glad for at det er sett i gang prosessar for å gå gjennom dagens regelverk, for betre å finne balansen mellom behova for tryggleik for befolkninga og omsynet til verdiskaping og lokalsamfunnsutvikling.

Vi håpar at arbeidet med å sjå på om og korleis unntaksregelen mot byggeforbod i § 7-4 i TEK-17 òg kan omfatte primærverknadar av skred, vil gå raskt. Vi er involvert i arbeidet med å etablere eit beredskapssystem for fjellskred frå Tussafoten i Eidfjord. Det er fare for at så å seie all utvikling av lokalsamfunnet Øvre Eidfjord vil stoppe viss ikkje regelverket vert endra.

Vi er difor samd i intensjonen bak forslaget til endring av forskrifta, men meiner at det er viktig å sjå på nokre sider av dette:

1. Krav til beredskapssystem

Slik forslaget til ny § 7-4 lyder, ser det ut til at eit beredskapssystem som er basert på periodisk overvaking vert likestilt med eit system som baserer seg på kontinuerleg overvaking. Vi meiner at det ikkje kan vere ei slik likestilling, utan at det vert sett tydelege minimumskrav til beredskapssystemet for periodisk overvaking. Det gjeld både det prosessuelle (t.d. kva analysar og vurderingar som liggje til grunn og kva aktørar som skal involverast), og til meir «systemtekniske» (beredskapsnivå, rapporteringsrutinar, rutinar for aktør- og befolkningsvarsling m.v.).

Etter dagens ordning er det nasjonal beredskapsplan for fjellskred som set rammene for korleis beredskapen skal vere når eit fjellområde er klassifisert som høgrisikoobjekt. Det bidreg til ei felles forståing mellom fagetatar og forvaltningsnivå, og at beredskapssystema vert mest mogleg einsarta og gjenkjennelege for dei aktørane som har ei rolle. Den nasjonale planen sikrar og at etableringa av beredskapen lokalt skjer gjennom eit samvirke mellom aktørane. På den måten unngår ein t.d. at kommunen vert ståande åleine med vurderingar og avgjerder.

Vi vil difor sterkt tilrå at denne måten å tenke og arbeide på vert vidareført. Den nasjonale fjellskredberedskapsplanen bør òg skissere minimumskrav til beredskapssystem ved periodisk overvaking. Det bør gjerast nødvendige tilpassingar i planen før endringane i forskrifta trer i kraft.

2. Sikringstiltak og samfunnsøkonomi

Det vert i høyringbrevet vist til sikring som mogleg kompensierende tiltak mot auka risiko som følgje av utbygging i utsette område. Fjellskredområda er ulike, og det kan tenkjast at det i nokre tilfelle er mogleg å oppnå tilfredsstillande tryggleik gjennom å bygge fysiske sikringstiltak.

Det vil uansett vere nødvendig å gjere grundige avvegingar av den samfunnsøkonomiske sida av dette. Med den krafta og høgda ei skredutløyst flodbølge må forventast å få på mange av dei utsette stadane, vil vi tru at det vil både vere svært krevjande og kostbart å etablere gode nok sikringstiltak. Det vil difor vere nødvendig å vege kostnaden opp mot andre moglege konsekvensreducerande tiltak.

Vi vil tru at det i mange tilfelle vil vere betydeleg mindre kostnadar med å ha eit system med kontinuerleg overvaking og tilhøyrande beredskap, enn å etablere fysiske sikringstiltak. Det kan såleis vere god grunn til å sjå på kor absolutt terskelen for å overvake fjellet kontinuerleg skal vere. Vi vil tru at i ein del tilfelle kan det vere føremålstenleg at fjellparti som ikkje er klassifisert som høgrisikoobjekt òg vert kontinuerleg overvaka.

3. Storulykkeverksemder

Vi er samd i at det er viktig å sjå tryggleikskrava som følgjer av plan- og bygningslova opp mot regelverket for storulykkesverksemder.

Omsynet til risikopotensialet ved ei storulykkeverksemd må likevel få særleg merksemd i vurderinga av om det skal kunne tillatast bygging i eit flodbølgeutsett område. I mange tilfelle vil det krevje spesialkompetanse for å forstå dette potentialet. Det kan ikkje forventast at alle kommunar har slik kompetanse. Vi vil difor tilrå at regelverket vert utforma slik at det i konkrete plan- eller byggesaker alltid skal innhentast råd frå dei nasjonale styresmaktene som forvaltar storulykkeregulverket (særleg DSB).

4. Brakkeriggjar m.v.

Vi les forslaget til nytt tredje ledd i § 7-4 slik at brakkeriggjar m.v. kan etablerast utan at det vert sett krav om søknad eller dispensasjon.

Vi er samd i at omsynet til potensiell sekundærrisiko av eit fjellskred frå eit område som ikkje er klassifisert som høgrisikoobjekt, ikkje utan vidare bør hindre etablering av slike innretningar i bygge- og anleggsområde, når det er nødvendig for å gjennomføre anlegget.

Sjølv om det her er snakk om bygg og innretningar som ikkje er permanente, kan det i ein del tilfelle likevel vere snakk om ei nokså langvarig anleggstid. Viss slike generelt vert unntatt frå søkeplikt, vil det kunne bety at det heller ikkje vert gjort nok for å skaffe fram kunnskap om andre typar risiko og sårbarheit som har betydning for om det er trygt å opphalde seg på ein brakkerigg i den tida den er i bruk.

Vi føreslår difor at forskriftsteksten vert endra, slik at det berre er risikoen for sekundærverknad av fjellskred som ikkje treng å takast spesielt omsyn til.
